


Høyring

Omdisponering av timar i grunnskulen

Fyresdal

Høyringsnotat

Lokal forskrift om omdisponering av timar i grunnskulen i Fyresdal kommune

Bakgrunn

Opplæringslova § 1-6 andre ledd opnar for at kommunen kan omdisponere inntil 10 prosent av timane i fag i grunnskulen. Timane kan flyttast mellom fag eller nyttast til særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Fyresdal kommune ønskjer å leggje til rette for at Gimle skule kan nytte denne fleksibiliteten i organiseringa av opplæringa. Ei slik ordning kan gi større rom for lokale prioriteringar, tverrfaglege opplegg og meir praktisk og variert undervisning.

Kva går forslaget ut på?

Kommunen har utarbeidd forslag til ei lokal forskrift som opnar for omdisponering av inntil 10 prosent av timane i fag.

Ordninga har desse rammene:

- Elevane skal framleis få det samla minstetimetalet dei har rett til.
- Minst 90 prosent av timetalet i kvart fag skal vere att.
- Omdisponering mellom fag kan berre skje innanfor hovudtrinna 1.–4., 5.–7. og 8.–10.
- Timane kan òg nyttast til særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Det er ein føresetnad at omdisponeringa blir gjort ut frå pedagogiske vurderingar, og at elevane sine rettar blir tekne vare på.

Høyringsinnspel

Kommunen ønskjer synspunkt på forslaget før det blir teke endeleg stilling til forskrifta.

Vi ber særleg om innspel på:

1. Kva moglegheiter og utfordringar ser de ved ei slik ordning?
2. Kva bør det leggjast vekt på når skulen vurderer å omdisponere timar mellom fag?
3. Korleis kan ordninga nyttast på ein måte som kjem elevane til gode?

Det er også høve til å kome med andre merknader til forslaget.

Vidare behandling

Høyringsfristen er seks veker. Etter høyringa vil administrasjonen gå gjennom innspela og vurdere om det er behov for endringar i forskriftsforslaget. Saka blir deretter lagd fram for politisk behandling.

Det er lagt opp til at ei eventuell forskrift skal tre i kraft frå 1. august 2027.